



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2144 - 17/1152

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no


Dato:
27.01.2017

Delingssak gbnr 99/15 Ystebø - ny grunneigedom - dispensasjon frå arealføremål LNF og deleforbod i strandsone - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om frådeling av ein eigedom på ca. 1,4 daa som i følgje søknad av 25.11.19 skal vere «*ein sjølvstendig eigedom og skal nyttast til privat føremål*» for Gunn Kari Vatsøy. I søknadsskjema er det opplyst at eigedomen skal nyttast til fritidseigedom.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som har arealføremål landbruk, natur og friluftsliv (LNF) etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.



Utsnitt frå Kommuneplan 2011-23

Teigen som er søkt frådelt ligg i sin heilskap også innafor deleforbodssone mot sjø og får etter kommunen sine målingar ein strandline på ca. 60 meter.

Dispensasjon

Deling krev dispensasjon frå deleforbod i strandsone etter plan- og bygningslova § 1-8.

Det er søkt dispensasjon frå deleforbod i strandsone. Grunngevinga for søknaden er at Gunn Kari Vatsøy i skøyte tinglyst 11.03.05 er gjeve rett til å få ein del av eigedomen, og at deling ikkje vil medføre inngrep i naturen eller vere til hinder for fri ferdsle i strandsona.

Hovudføremålet med delinga synast å vere eigedomsrett. Så vidt kommunen kan vurdere vil deling likevel krevje dispensasjon frå arealføremål LNF.

Eigedom- og bygningsstatus

Eigedomen er på ca. 21 daa og er delt i frå eigedomen gbnr. 99/7 i 1908.

Eigedomen er i følgje matrikkelen bygd med våningshus nytta som fritidsbustad og naust. Eigedomen var opphavleg bygd med bare løe i 1908 og var nytta til dyrking og beite av eigar Gjert Toft som var busett på Mellingen. Kommunen har ikkje byggesaksdokumentasjon på ombygging og bruksendring til våningshus eller fritidsbustad, men det er mogleg at denne endringa skjedde allereie i sambande med eigedomsoverdraging til Hans Thomassen på 1940-talet.



Ortofoto 2015

Nabomerknad

Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr.99/11 og 99/12 Ståle Rossgård. Merknaden er i hovudsak knytt til feil i grenser i kart. Nabo peiker vidare på at føremålet med frådelinga ikkje går tydeleg fram

av søknaden og at egedomen ikkje har rett til å føre fram veg, vatn, avlaup eller straum over gbnr. 99/11 og 99/12.


Tilkomst

Egedomen har ikkje køyrbar tilkomst.

Det er opplyst i brev av 25.11.16 at den nye egedomen skal nytte gangsti over gbnr 99/15 og «forøvrig ha tilsvarende veirettigheter (stiar og veier) som til egedomen 99/15». Det er knytt nabomerknader til vegrettar.

Jordlova

Arealet som er søkt frådelt har i følge gardskart markslag skog. Egedomen har forøvrig 2,9 daa fulldyrka jord og 6,1 daa innmarksbeite.



Utsnitt frå gardskart

Søknad om deling er sendt Landbrukskontoret for Austrheim, Radøy og Fedje for handsaming etter jordlova den 09.12.16. Landbrukskontoret har i uttale av 26.01.16 konkludert med at egedomen ikkje «er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk» og at søknad om deling difor ikkje skal handsamast etter jordlova § 12.

Naturmangfald

Det er ikkje treff på egedomen i naturbasen.

Kulturminne

Det er ikkje registrerte kulturminne på egedomen og kommunen har ikkje kulturminneopplysningar om egedomen eller bygningsmassen.

I skøyte frå 2005 er det opplyst at det er ein potetkjellar på egedomen:

Gunn Kari Vatsøy skal også ha rett til å få seg ein tomt på ca 1 da, tomten grensar inntil Marc sin tomt, og går frå potetkjellaren til sjøen, slik at ho får med vika som ligg i søraustleg retning.



Foto Radøy kommune 2008



Foto: Radøy kommune 2008

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Dag Gjert Thomassen og Unni Austefjord	Flatøyvg. 49	591825.11 .16
---	--------------	------------------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN